



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	22/1019

### AUKE AV RAMME TIL STARTLÅN

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma til startlån med ytterlegare 6 mill i 2023. Kommunedirektør får fullmakt til låneopptak i Husbanken på nye kr 6.000.000,- til vidare utlån til startlån i 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet tilsvarande.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn for saka

Startlån er eit lån som kommunane kan gje til personar og familiar som av forskjellige årsaker ikkje får lån i vanleg bank. Dette kan vere lån til barnefamiljar, eldre, personar med nedsett funksjonsevne eller andre som bur i ein ueigna bustad og enten vil kjøpe bustad eller utbetre/tilpasse bustaden sin. Vaksdal kommune er nær ved å bruke opp tilgjengelege midlar til startlån og det er søknader som ikkje er behandla. Det er ynskjeleg å auka ramma slik at fleire kan få hjelp til å etablere seg i eigen bustad, i kommunen.

##### Formelt grunnlag

Forskrift om lån frå Husbanken

##### Vurdering og konsekvensar

I 2023 har Vaksdal kommune gitt ut om lag 9 mill i lån eller finansieringsbevis, og har dermed gitt ut store delar av årets ramme, i tillegg til rest frå tidlegare år. Pr juni 2023 er det om lag 3 mill i tilgjengelege midlar men det er fleire søknader som ligg til vurdering. Det er derfor ynskjeleg å auke årets opptak med 6 mill som ein eingongsauke for å ha tilgjengelege midlar til resten av året. Det er venta at dette vil vere tilstrekkeleg for å ta unna søknader.

Ved å auke ramma til startlån med 6 mill vil kommunen sin totale lånegjeld auke tilsvarande, og det gjer utslag på nøkkeltal som inneheld dette. Det er likevel ikkje venta at dette vil gje store negative utslag på nøkkeltal, sett opp mot total lånegjeld.